



Unnateke off.

§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1

## ENKELTVEDTAK OM SPESIALUNDERVISNING SKULEÅRET .....

Elev:

Fødd:

Årstrinn:

Klasse/gruppe:

Skule:

Melding om tildelt spesialundervisning etter §5-1 i opplæringslova for skuleåret .../... .

### Dokument i saka:

Førehandsvarsel ... *(Elevar over 15 år skal ha eige førehandsvarsel, i tillegg til det foreldra får)*

Sakkunnig uttale frå PPT dagsett ... *(skriv inn dato)*

Framlegg til Individuell opplæringsplan for skuleåret ... / Individuell opplæringsplan for skuleåret..

Rapport på gitt spesialundervisning ..... *(om rapport ligg føre)*

### Vedtak:

NN *(skriv eleven sitt namn og fødselsnummer)* får innvilga XX årstimar *(skriv inn tal årstimar til spesialundervisning, og presiser om noko av spesialundervisninga skal nyttast til ekstra assistent eller logoped)* spesialundervisning *(kor lenge, t.d. skuleåret 2017/18)*.

Enkeltvedtaket gjeld for skuleåret .../... på ..... skule. Om eleven flyttar til ein annan skule i løpet av skuleåret, kan tilbodet bli endra.

Innhald, organisering og omfang av spesialundervisninga:

Innhald <i>(Kva type opplæringstilbod, avvik frå sakkunnig vurdering eller læreplanverket, kompetansemål og timar, fritak frå vurdering med karakter med vidare)</i>	Mål <i>(Konkrete og målbare mål)</i>	Organisering <i>(T.d. i klassen, lita gruppe, eineundervisning, alternativ opplæringsarena)</i>	Omfang <b>(60 min)</b> årstimar	Kompetanse <i>(T.d. lærar, spesialpedagog, logoped, assistent, assistent berre om det er med i sakkunnig vurdering)</i>
			X årstimar	
			X årstimar	
			X årstimar	



**Lovheimel:**

Opplæringslova § 5-1 Rett til spesialundervisning:

*"Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning. I vurderinga av kva slags opplæringstilbod som skal givast, skal det leggjast særleg vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisnings timetalet som gjeld andre elevar."*

**Grunngeving:**

*NB! Les teksten og fjern den frå endeleg vedtak.*

*Skriv ei kort vurdering av kva eleven treng neste skuleår (med utgangspunkt i at eleven ikkje har tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa og på grunnlag av dokumenta over) = ei grunngeving som syner at eleven får et tilbod i tråd med behova skildra i den sakkunnige vurderinga og eit likeverdig opplæringstilbod på skulen. Du må kunne vise til at føresette og/eller elev har gitt samtykke til at det vert gjort vedtak om spesialundervisning.*

*Vedtaket må klart og tydeleg informere om kva slags opplæringstilbod eleven skal ha. Medrekna innhaldet i opplæringa, den organisatoriske gjennomføringa og omfanget av eventuelle støttetiltak. Vis til tal timar spesialundervisning i kvart fag eller emne som er skildra under kolonne for Innhald i tabellen.*

*Du må grunngi kvifor eleven får det opplæringstilbodet som går fram av vedtaket. Du må òg grunngi kvifor dette er eit forsvarleg opplæringstilbod. Dersom det er gjort avvik frå den sakkunnige vurderinga eller frå læreplanverket, må avviket grunngivast, og det må gå klart fram kva avviket består i.*

**Klagerett:**

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan påklagast. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen De mottok dette brevet. Klagen skal sendast til den instansen som fatta vedtaket. Får De ikkje medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Dei er klageinstans for enkeltvedtak fatta med heimel i opplæringslova.

Ta kontakt med skulen om De ønskjer å sjå dokumenta i saka, eller ønskjer hjelp til å klage.

.....  
Dato

.....  
Skule

.....  
underskrift rektor

Kopi: PPT, Lindås kommune